

**- Som bønder i Stranda er vi glade i yrket vårt og stolte av næringa.** Det er meiningsfullt og krevande å produsere landbruksvarer i vår vakre natur i høgkostlandet Norge. Næringa er synleg med store bygningar, med husdyr og jorder, skog og utmark. Bøndene utviklar stadig sine driftsmåtar. Produksjonen pr sysselsett auker 6 prosent årleg, det er på line med norsk oljeverksemd og storeksportøren USA. – For unge er difor landbruket ei spennande og meiningsfull næring å gå inn i med store krav til arbeidslyst og allsidig fagkompetanse. **Rekruttering, økonomi og miljø** er hovudmåla for landbruket i Stranda.

## **- Veit du dette om landbruket i Stranda:**

Stranda er ein **betydeleg jordbrukskommune i fylket** i antal gardsbruk. I 2019 var det **87 gardsbruk i drift** i Stranda (156 bruk i år 2000) med **gjennomsnittleg dyrka areal på 190 dekar** (103 dekar i år 2000).

**Kvart årsverk i landbruket skaper ein til to arbeidsplassar i andre tilstøytande verksemdar.**

Det vert utført flest årsverk i mjølkeproduksjon på storfe og i sauehaldet. I Stranda har **42 gardsbruk produksjon av storfekjøtt**, av desse 32 mjølkebruk. Det er 44 sauebruk, 8 geitebruk, 2 bruk med gris og 10 bruk med ammekyr i kommunen.

Bønder driv i tillegg andre produksjonar, næring innan skogbruk, turisme, jakt og fiske, vidareforedling og sal av gardsmat, og har bygd fleire småkraftverk.

Stranda har **ein av landets største konsentrasjonar av produsentar innan kjøtt og industriell matproduksjon**, m.a. slakteriet Ringdal AS, kjøtforedlingsverksemda Grillstad og flaggskipet Orkla Foods, som nyttar store mengder kjøtt og ost i sin pizza-produksjon (årleg omlag 35 millionar djupfryste pizzaer). Med over 700 arbeidsplassar i matindustrien fordelt på 16 ulike bedrifter som foredlar ulike typar produkt frå land og hav er Stranda i høve til folketal ein av dei største matkommunane her i landet.

I Stranda er det bedrifter og maskinfirma innan landbruket. Stranda kommune har satsa på ei **aktiv landbruksforvaltning**. Det er dei siste åra bygd fleire nye fjøs.

Stranda har **42 prosent av geitemjølka i fylket**, og er **landets største kommune i liter levert geitmjølk**.

**Husdyrhaldet er ein stor buskap:** 750 mjølkekyr, 1.700 ammekyr/andre storfe, 6.000 sau og lam, 800 griser, 1.700 mjølkegeiter.

Det vert dyrka vel **16.500 dekar jordbruksareal** (16.100 dekar i år 2000), mest gras til fôr og beite. Vidare er det ca **91.000 dekar produktivt skogareal** med furu, gran og lauvtre.

## **Spesialisert produksjon, stor omsetnad og stadig ny satsing**

Matproduksjonen og råvarer frå jordbruket i Stranda hadde i 2010 (tal frå NILF) ein **salsomsetnad på 82 millionar kroner** i året.

Av dette hadde ku- og geitmjølkebruka inkl. kjøtproduksjon 75 prosent av omsetnaden og sauehaldet 17 prosent.

Det allsidige landbruket i Stranda skaper i tillegg verdier frå produksjonar med andre dyreslag, bønder arbeider med tilleggsnæringar og i skogen, brøyting av vegar og det er hestehald i kommunen.

I 2019 vart det produsert **4,8 millionar liter kumjølk frå 32 mjølkebruk** (71 mjølkebruk og 4,3 mill. liter i år 2000), og **1.192.000 liter geitemjølk frå 8 geitebruk**. Dette tilsvarar årsforbruket av drikkemjølk, ost og andre meieriprodukt til vel 20.000 personar. Gjennomsnittleg har kumjølkebruka 24 kyr og leverer årleg 150.000 liter mjølk (11 kyr og 59.700 liter i år 2000).

I 2019 vart det produsert vel **445.000 kg kjøtt** i Stranda, av dette vel 268.000 kilo storfekjøtt, 83.500 kilo svinekjøtt, 75.000 kilo sauekjøtt og 19.000 geit/kjekjøtt. Kjøttproduksjonen tilsvarar årsforbruket av kjøtt til heile 6.400 personar, eller meir enn heile befolkninga i kommunen.

## **Vårt lokale landbruk er ein del av nasjonal og internasjonal matproduksjon**

**Bøndene i Stranda** er medeigarar i dei store nasjonale industribedriftene Tine og Nortura – Gilde. Næringsmiddelindustrien er landets største industrisektor. I tillegg kjem tømmerforedling.

**Landbruksnæringa si hovudoppgåve** er å forsyne heile landet med norske matvarer året rundt til stabile prisar. Norsk matproduksjonen skal aukast med 20 prosent dei neste 20 åra i takt med befolkningsauken på 1 million menneske. Vi produserer i dag berre halve kaloriforbruket vårt. Matimporten aukar veldig raskt i Norge, liksom i Sverige, mellom anna av storfekjøtt og dels mjølkeprodukt. – Auka import sikrar ikkje levande bygder og kulturlandskapet på Nordvestlandet.

**Norge** har krevande natur og klima for matproduksjon utandørs. Dei fleste land vi samanliknar oss med har ein politikk for matforsyning. Liksom på mange andre politikkområde har Norge sin eigen modell for nasjonal landbrukspolitikk. Importvernet overfor land med gunstigare vilkår og lågare kostnadar er avgjerande for å oppretthalde matproduksjon over heile landet

## Bonden og landbruksnæringa i Stranda gir Mat, Miljø og levande Bygder



### - Kvifor aktivt landbruk i Norge?

- lokal norsk mat året rundt i heile landet til nokså lik pris
- velstelte bygder med kulturlandskap og husdyr
- miljøverdier, kulturverdier og tradisjonsberarar
- lokal busetting og verdiskaping med store ringverknader

Mai 2020



## Landbruket i Matkommunen Stranda

- \* 87 bruk i drift, av desse 42 med storfekjøtt
- \* 32 mjølkebruk, 8 geitebruk og 44 sauebruk
- \* Største geitekommune i landet i liter mjølk
- \* Konsentrasjon av matforedlingsverksemdar
- \* Kultur- og fjordlandskap av Verdsarv-format
- \* Det aktive landbruket gir ringverknader for arbeidsplassar og omsetnad i kommunen



STRANDA  
BONDELAG



SUNNYLVN  
BONDELAG



LIABYGD  
BONDELAG